

Julenummeret av Uskedalsposten er i salg.

30.11.2017



Elena Jensen Eide og Petter Myklebust får eit oppdrag til julenummeret av leiar Jon Harald Kjærland.

Første julenummeret av Uskedalsposten kom jula 2005. Etter det har vi kunna glede oss over dette lokale juleheftetkvarå. Dermed kjem det ut for 13. gong i år. Det er avisgruppa i Hobbyklubben som bak det, og også i år kan avisgruppa by på eit godt og innholdsrikt nummer på 44 sider.



William Hjønnevåg og Filip Musland samsnakkast om ei sak som er under arbeid.

9 av desse sidene er denne gongen brukt til å presentera Hobbyklubben. Det er kjekt, interessant og lettfatteleg lesestoff. Det er delikat presentert med mange flotte bilete som er tekne av dei unge redaksjonsmedlemmene William Hjønnevåg, Filip Musland, Elias Jensen Eide, Sigr Lekva, Elena Oline Jensen Eide, Linnea Hølleland Hauge og Petter Myklebust. Jon Harald Kjærland og Tore Mathiesen er leirarar for denne gruppa.

Her er stor variasjon i stoffet som er med. Sjølvsagt er det ein god del julestoff. Redaksjonen har ordna med vitsar, quiz og leikar. Sjølvsagt har dei også ein grundig test av julesnop. Svahill Haugland, leiari i hobbygruppa, formidlar ord om Jula i eit nøtteskal.

Fire av redaksjonsmedlemmene fortel om hobbyane sine. Interessann lokalhistorie får vi også i dette nummeret. HSD-orakelet Harald Sætre fortel svært interessant om Kvinnheradsruta og MS Halsnøy som i lang tid var så viktig for Uskedalen. Det er meir frå det maritime. Kristian Bringedal har intervjuia 22 år gamle Martin Hauge som fører maritime familietradisjonar vidare. Bringedal gjer også lesarane kjende med den nye og gledelege aktiviteten som Selstad AS skaper i bygda. Saman med Svein Rimestad skriv han også om 10 års-jubilanten kafè Tiar`n.

Som de skjønar eg det mykje kjekt å lesa i julenummeret av Uskedalsposten også i år. Her er ikkje alt nemnt, men det finn de når de kjøper den, og den er i salg på dei vanlege salgstadene frå i morgen, 1.desember. Som vanleg er det god kvalitet på trykk og papir. Trykkinga er gjort hos Kvinnherad Vekstbedrift AS.

Dei unge i redaksjonen har gjort ein flott jobb, men det hadde vore veldig kjekt med litt stoff frå dei som er litt eldre. Kanskje det hadde vore ein idé at neste års konfirmantar kunne delast i grupper og bidra med ein artikkel frå kvar gruppe som eit ledd i konfirmantundervisninga? Berre ein kort periode? Med alle dei flinke ungdommane vi har, trur eg det kunne blitt kjempebra!



Elias Jensen Eide og William Hjønnevåg i konsentrert planleggingsarbeid.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: redaksjonen i Uskedalsposten.